



Saksframlegg

Endring av lokal forskrift om forvaltning av bever, Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø	7/25	11.03.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

- Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseasonene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028 (jaktidsforskrifta) [Lovdata - nasjonal forskrift](#)
- FOR-2018-12-13-2258 Forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever, Fyresdal kommune, Telemark [Lovdata - lokal forskrift](#)
- Forslag til revidert forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever i Fyresdal kommune

Vedlegg

- 1 Forslag til revidert forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever i Fyresdal kommune

Bakgrunn for saka:

Forvaltning av bever i Fyresdal er heimla i FOR-2018-12-13-2258 «Forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever, Fyresdal kommune, Telemark», vedteken i kommunestyret i sak 88/18, saksnummer 2017/1374.

Jakttida er fastsett til 01.10. – 30.04., same som jaktidsrammene fastsett i «Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseasonene fra og med 1. april 2022 til og med 31. mars 2028» (jaktidsforskrifta).

Sno og is i vassdraga vanskeleggjer ofte ei bestandsmessig forsvarleg forvaltning innan ordinær jakttid. Det fyljer av jaktidsforskriftas §3 at kommunen kan utvide jakttida for bever med inntil 15 dagar i etterkant for heile eller deler av kommunen der is- og snøforhold vanskeleggjer ei bestandsmessig forsvarleg forvaltning innan ordinær jakttid.

Moglegheita til å utvide jakttida må heimlast i lokal forskrift, og ein ser difor behov for revisjon av gjeldande forskrift, for å ha moglegheit til å tillate utvida jakttid.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for areal, klima og miljø - Fyresdal kommune skal forvalte og nytte areal og utmarksressursane på ein berekraftig måte.

Årleg kjem det inn 4 – 5 søknadar om utvida jakttid på bever, dette fordi mange vassdrag framleis er islagd i april, og at beveren med det enno ikkje er komen ut av hiet. Endringane skjer

fort i månadsskiftet april – mai, og ei opning for jakt dei femten fyrste dagane i mai kan i mange tilfelle gje eit uttak ein elles ikkje hadde klart.

Årsaka til at den generelle jakttida avsluttast 30.04., er i hovudsak at mordyra på denne tida kan vere drektige, og at ein såleis skal vere særst bevisst ved eit uttak av bever på denne tida. Beveren føder ungane sine i mai – juli, avhengig av kvar ein er i landet med tanke på klimatiske tilhøve. I område/landsdelar der sno- og is ligg lengje ut over våren, fødest ungane seinare.

I forarbeidet til utarbeiding av lokal forskrift vart det etter anbefaling frå Miljødirektoratet gjort eit estimat på kor mange bever det kunne vere i Fyresdal. Dette vart gjort med bakgrunn i ein formel for bestandsestimat, ut i frå vasslengde og totalt vassareal. Med eit forsiktig utgangspunkt på 0,125 beverlokalitetar pr. km² gav utrekninga oss eit estimat på ca. 75 beverlokalitetar i kommunen. Det er normalt å rekne 4 individ pr. lokalitet, og ut i frå dette kan ein rekne at bestanden i Fyresdal er omlag 300 individ.

Eit jaktuttak på 10-15 prosent av vårbestanden er å sjå som berekraftig, dvs. eit uttak på 30 – 45 dyr. Om bestanden er i sterk vekst, eller om området har en god habitatkvalitet, tolast truleg eit høgare uttak.

I fylje SSB vart det i Fyresdal felt 10 bever i jaktåret 2022-2023, (jaktår = 01.04. – 31.04.). Rapportering kan vere mangelfull, men sjølv om ein legg til grunn at kun halvparten av utaket er rapportert, er uttaket likevel langt under eit berekraftig uttak.

Slik den lokale forskrifta er utforma i dag, har ikkje kommunen moglegheit til å gje løyve til utvida jakt på bever, då dette må vere forskriftsfesta for å gjere dette lovleg. Det er difor ynskjeleg at moglegheita tas inn i forskrifta, slik at ein kan gje løyve til jakt dei femten fyrste dagane i mai. Jakta vil vere kvotefri, med andre ord er det opp til jeger å ta ut det talet på bever ein sjølv meiner er berekraftig. Ved å opne for jakt dei femten fyrste dagane i mai, vil ein også kunne redusere talet på søknad om felling av skadegjerande bever generelt gjennom året.

I medhald av jakttidsforskriftas §3 kan kommunen gje løyve til utvida jakt i heile eller delar av kommunen. Ein ser det som vanskeleg å skilje ut delar av Fyresdal der det ikkje skal opnast for utvida jakt, då dette vil variere frå år til år; kor mykje is det ligg i dei ulike vassdraga. Fyresdal ligg i eit høgdelag der dette kan variere mykje. Slike geografiske unntak vil kunne skape mistydingar.

Ein ser det heller hensiktsmessig å opne for utvida jakt i heile kommunen, men at jakt i perioden 01.05. – 15.05. kun kan skje etter søknad. Då vil ein lett kunne sei at det ikkje er aktuelt med utida jakt pga tidleg vår, eller det motsette om så er tilfelle. Som tidlegare omtalt handlar dette om inn til 5 søknadar kvar vår, så arbeidsmengda ved denne type saker vil vere minimal.

Ein kan vele å lage ei ny forskrift som kun omhandlar utvida jakttid, eller ein kan vele å revidere noverande forskrift. For publikum vil det vere enklast med ei forskrift som omhandlar alt som har med jakt på bever å gjere, dette vil vere enklast å forhalda seg til.

Då Miljødirektoratet gjennom jakttidsforskriftas §3 har opna for utviding av jakttida, reknar ein at dei naudsynnte vurderingane etter Naturmangfaldlovas §§ 8-12 er tilstrekkeleg utgreidde.

Forslag til endring i forskrift er fyljande;

Ny §4 skal lyde:

§4. Utvida jakttid

Jakttida for bever kan etter søknad utvidast med 15 dagar, frå og med 01. mai til og med 15. mai.

Noverande §4 blir til §5

Noverande §5 blir til §6

Ny ordlyd i §6 skal vere:

§6. Ikraftreden

Forskrifta trer i kraft straks. Samstundes vert forskrift 13. desember 2018 nr. 2258 om tilgang til jakt og fangst av bever, Fyresdal kommune, Telemark oppheva.

Forslag til revidert forskrift ligg ved.

Konklusjon:

Uttaket av bever i Fyresdal er lite, og langt under det Miljødirektoratet anslår som ei berekraftig forvaltning. Noko av årsaka er vanskelege sno- og istilhøve i april, og ei opning for jakt i perioden frå og med 01. mai til og med 15. mai vil kunne auke uttaket. I staden for å unntake delar av kommunen frå utvida jakttid, vil det vere hensiktsmessig å opne for utvida jakttid i heile kommunen, men då etter søknad. På denne måten kan kommunen gjennom vedtak styre om det skal opnast for utvida jakttid ut i frå den enkelte søknad. Ei endring i forskrift må på høyring hjå aktuelle instansar, før endeleg vedtak gjerast av kommunestyret.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Forslag til revidert forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever i Fyresdal kommune sendast på høyring til relevante instansar slik den ligg føre, før endeleg vedtak av kommunestyret.

Behandling i Hovudutvalet for plan og miljø - 11.03.2025

Samrøystes vedteke

Vedtak i Hovudutvalet for plan og miljø - 11.03.2025

Forslag til revidert forskrift om tilgang til jakt og fangst av bever i Fyresdal kommune sendast på høyring til relevante instansar slik den ligg føre, før endeleg vedtak av kommunestyret.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef